



Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder

TILSYNSRAPPORT

Skolebasert vurdering

Jf. opplæringslova

Bygland kommune - Bygland skole

Vår referanse: 2016 / 2934

KONTAKTPERSON I KOMMUNEN:
Rådgjevar oppvekst Berit Haugetveit

FYLKESMANNEN SIN TILSYNSGRUPPE:
Seniorrådgjevar Elise Marie Kringen
Seniorrådgjevar Inger Marie Skar, tilsynsleiar

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Bygland kommune – Bygland skole.....	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar.....	4
2.2 Tema for tilsyn	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
3. Skolebasert vurdering	6
3.1 Rettsleg krav	6
3.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar	7
3.3 Fylkesmannens konklusjon.....	9
4. Frist for retting av brot på regelverket.....	9
5. Kommunen sin frist til å rette.....	10
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget.....	11

Samandrag

Denne rapporten er ein endeleg rapport for tilsynet i Bygland kommune. Tilsynsrapporten gir ikkje ei heilskapsvurdering av skoleeigar og skolen. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt og situasjonen på det tidspunktet tilsynet er gjennomført. Fylkesmannen har motteke skriftleg informasjon og gjennomført intervju på skolen.

Utdanningsdirektoratet har fastsett metode og innhald for tilsynet. Metodehandbok for alle tilsyn etter opplæringslova ligg på Utdanningsdirektoratet sin nettstad.

Tema og formål

Tema for tilsynet er Skolebaert vurdering. Rettsleg grunnlag: Forskrift til opplæringslova § 2-1. Skolebasert vurdering er skolen sin jamnlege vurdering av eiga verksemd og måloppnåing. Skolen skal jamnleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa bidrar til at alle elevar når måla for heile læreplanverket for grunnopplæringa (LK06). Utdanningsdirektoratet har utforma fem kontrollspørsmål for tilsyn med lovkrava for skolebasert vurdering.

Skolebasert vurdering er eit av tre tema i felles nasjonalt tilsyn (FNT) i perioden 2014-17.

Gjennomføring

Fylkesmannen har våren 2014 gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar for alle kommunar. Det ble her gitt informasjon om lovkrav og innhald i tilsynet.

Tilsyn med Bygland skole (Bygland oppvekstsenter) i Bygland kommune vart opna gjennom brev 20.01.2016.

Fylkesmannen gjennomførte intervju på skolen 10.03.2016.

Det er gjennomført eit formøte i kommunen 11.02.2016. I sluttmøte 31.03.2016 presenterte Fylkesmannen konklusjonane i førebels rapport. Kommunen fekk frist til 11.04.2016 til å kommentere på førebels rapport, jf forvaltningslova § 16. Fylkesmannen har ikkje motteke tilbakemelding innan denne fristen.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på intervju og skrifleg dokumentasjon, sjå vedlegg.

Avdekte brot på regelverk

Bygland skole imøtekjem ikkje alle aktuelle krav i regelverket om skolebasert vurdering. Det er såleis avdekt brot på regelverk.

Status på rapporten og vegen vidare

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av brot på regelverket som er avdekte under tilsynet. Fristen er 01.11.2016. Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

1. Innleiing

Fylkesmannen opna 20.01.2016 tilsyn med skolebasert vurdering i Bygland kommune. Undersøkingane har vore på skolenivå ved Bygland skole.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skolebasert vurdering (som denne rapporten handlar om). Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell¹ knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av brot på regelverket som er avdekte under tilsynet. Fristen er 01.11.2016. Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

2. Om tilsynet med Bygland kommune – Bygland skole

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som eigar av offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skolar er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at at rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som brot på regelverket, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Tema for tilsyn

Temaet for tilsynet er skolebasert vurdering. Skolebasert vurdering er skolens jamlege vurdering av eiga verksemd og måloppnåing. Vurdering av eiga verksemd inneber at skolen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

I tilsynet vurderer vi om Bygland skole gjennomfører skolebasert vurdering i samsvar med føresetnaden.

Elevvurdering, skolebasert vurdering og nasjonal vurdering skal ein sjå i samanheng. Dei ulike formene for vurdering skal samla sett utfylle kvarandre og medverke til at den enkelte eleven blir motivert til å ta i bruk sine evner og anlegg, og at dei nasjonale måla for opplæringa styrer arbeidet i skolen (Stortingsmelding 47 1995-1996). Det overordna formålet med tilsynet er at skolebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

¹ <http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/>

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skoleeigar syter for at skolen ved skolebasert vurdering

- vel tema basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket
- vurderer ulike endringar som kan bidra til auka måloppnåing hos elevane
- følgjer opp dei endringane som dei kjem fram til
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
- gjennomfører vurderinga jamleg

Manglande eller mangelfull gjennomføring av skolebasert vurdering kan føre til at skolen ikkje forbetrar si organisering, tilrettelegging eller gjennomføring av opplæringa for å auke elevane si måloppnåing. Elevane får dermed ikkje det utbyttet av opplæringa som dei elles kunne fått.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen gjennomførte våren 2014 ei dagsamling om det felles nasjonale tilsynet 2014-2017. Kommunen var representert ved skolefagleg ansvarleg og rektorane. Informasjon om Utdanningsdirektoratet sitt rettleiingsmaterieill, lovkrava og metoden for tilsynet var tema på samlinga. Det vart òg lagt vekt på at kommunane og skolane, uavhengig av om dei får tilsyn, kan nytte rettleiingsmateriellet til å vurdere eigne system og eigen praksis opp mot tilsynsystemaet.

Tilsyn med Bygland kommune vart opna gjennom brev 20.01.2016. Fylkesmannen har bede om at kommunen legg fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Krav om dokumentasjon:

- eigenvurderingsskjema frå leiinga ved skolen
- eigenvurderingsskjema frå lærarane på 9. trinn
- skuleinterne dokument som støtter opp under konklusjonane i eigenvurderingsskjemaene

Det er gjennomført eit formøte i kommunen 11.02.2016. her deltok dei involverte i tilsynet. I møtet informerte Fylkesmannen også om lovkrav og innhald i tilsynet.

Fylkesmannen gjennomførte intervju på skolen 10.03.2016.

I sluttmøte 31.03.2016 presenterte Fylkesmannen konklusjonane i førebels rapport. Kommunen fekk frist til 11.04.2016 til å kommentere på førebels rapport, jf forvaltningsloven § 16. Fylkesmannen har ikkje motteke tilbakemelding innan denne fristen.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på intervju og skriftleg dokumentasjon, sjå vedlegg.

3. Skolebasert vurdering

3.1 Rettsleg krav

Nedanfor har vi opplyst om og utdjupa dei rettslege krava for tilsynet med skolebasert vurdering. Alle dei rettslege krava byggjer på forskrift til opplæringslova § 2-1.

Skolen skal gjere val av tema for skolebasert vurdering basert på ei brei og samla vurdering av elevane si måloppnåing.

Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til at elevane når måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

For at skolen skal kunne vurdere om elevane når måla, må dei etablere eit kunnskapsgrunnlag basera på fleire kjelder. Skolen må velje kjelder som kan syne alle måla i læreplanverket og inkludere alle elevar. Det betyr både faglege mål og mål som gjeld elevane sin trivsel og utvikling på andre områder enn dei faglege. I tillegg til eigne kjelder og undersøkingar, finn skolane fleire nasjonale kjelder i skoleporten.

Når skolen har fått eit breitt kunnskapsgrunnlag, må dei bruke dette til å vurdere i kva grad elevane når måla for opplæringa på ulike områder. Dette skal gje skolen eit grunnlag til å reflektere og gjere ei total analyse av i kor stor grad skolen sine elevar har nådd måla. Skolen skal sjå på områder der han vurderer at endringar i skolens sin organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan auke elevane sin utvikling og utbytte av opplæringa – område som kan auke elevane si måloppnåing. Val av tema må over tid take vare på alle mål for opplæringa.

Skolen skal vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til å auke måloppnåing hos elevane i det valde temaet.

Den skolebaserte vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane innafor det dei har valgt å sjå på i vurderinga. Med måloppnåing meiner her alle måla i læreplanverket som er med i det valgte tema, og ikkje berre faglege mål.

I kravet ligg det at skolen må vurdere endringar innafor ulike rammeføresetnader for opplæringa, og ikkje i utgangspunktet bare velje å sjå på ein type tiltak. Det kan vere nye tiltak, utviklingsarbeid eller vidareføring av det som skolen allereide gjer. Skolen må vurdere endringane for skolen som heilskap på systemnivå, sjølv om konsekvensane av endringane i noko tilfelle primært vil syne seg for einskilde klassar eller for einskilde fag.

Skolen skal følgje opp endringar som dei kom fram til i den skolebaserte vurderinga.

Føremålet med den skolebaserte vurderinga er å sikre at skolen lærer og utveklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå dei samla måla i læreplanverket. Når skolen gjennom vurderinga avdekkjer forbetningsområde, må han syte for å følgje opp dette vidare slik at skolen kan utvekle seg. Endringane kan vere at skolen utvikler nye tiltak, starter eit utveklingsarbeid eller vidarefører og eventuelt forsterkar det skolen alt gjer. I some tilfelle kan foreslåtte endringar eller tiltak vere sånn at det er naudsynt med ein dialog med skoleeigar før tiltak settes i verk.

Skolen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering.

Skolen må involvere dei partane det gjeld både i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Det er særleg viktig å involvere lærarane. Lærarar gjennomfører opplæringa og er dei som har best kunnskap om den opplæringa skolen gjev. Å kunne vurdere årsaka til ei eventuelt utilstrekkeleg måloppnåing er viktig for å kunne vurdere og følgje opp med rette tiltak. Skolen vurderer elles kven som skal delta ut frå dei tema som blir tekne opp. Å involvere elevane vil vere aktuelt i mange tema.

Skolen skal gjennomføre den skolebaserte vurderinga jamleg.

Den skolebaserte vurderinga må utførast systematisk i samsvar med føresetnadene, jf. dei føregåande krava til å gjennomføre vurderinga . Skolen må gjennomføre slik skolebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I utgangspunktet skal vurderinga gjennomførast årleg, men ein må bruke skjønn der tidsbruken blir vurdert opp mot det forsvarlege.

3.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar

Fylkesmannen sine undersøkingar, vurderingar og konklusjonar er baserte på innsendt skriftleg dokumentasjon, eigenvurderingar og opplysningar gitt i intervju med skoleleiinga og lærarar på 9. trinn ved Bygland skule.

Skolen skal gjere val av tema for skolebasert vurdering basert på ei brei og samla vurdering av elevane si måloppnåing.

I eigenvurderingsskjema seier skoleleiinga og lærarane at dei ut i frå blant anna ymse datagrunnlag, rapportar og observasjonar vurderer kva ein skal vektleggje i utvikling av skolen. Dei viser til elevundersøkinga, nasjonale prøver, eksamensresultat, kartleggingsprøver, relasjonskartlegging med meir. Skolen har sendt med ein rutine for eigenvurdering frå 2013 (3) som viser oversikt over dette. Skolen seier at tema blir valt ut frå resultat av analyse av datagrunnlag. I intervjuet fekk Fylkesmannen informasjon om tiltak/tema som skolen har gjennomført - mellom anna lesing i alle fag og kropps fiksering. I forbindelse med vidareføringa av Vurdering for Læring (VFL) og gjennomgang av elevundersøkelsen vil skolen arbeide med elevmedverknad. Dette er dokumentert i referat frå samråingsmøte 21.01.2016. Skolen har i fleire år hatt gode resultater på eksamen og nasjonale prøver, men grunnskolepoenga har vært lågare dei siste åra. Skolen opplyser at dei ynskjer å betre dette.

Fylkesmannen kan sjå at skolen ynskjer å vektleggje utvikling av skolen og har fokus på ulike undersøkingar. I skolebasert vurdering skal skolen også sjå på eigen praksis – organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa. Dette gjeld på alle område, i alla fag og for alle elevgrupper. Fylkesmannen finn at skolen kan utvide kunnskapsgrunnlaget til i høgare grad å gjelde eigen praksis og organisering. Fylkesmannen kan ikkje sjå at skolen arbeider systematisk med skolebasert vurdering og sikrar at val av tema over tid kan take i vare alle måla i opplæringa og alle elevgrupper.

Skolen skal vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til å auke måloppnåing hos elevane i det valde temaet.

Skolen svarar her at dei vurderer tiltak og resultat fortløpande. Dei viser til testplan for skolen (4) og at dei gjennomfører kartleggingsprøver to gonger i året. Fylkesmannen har ikkje motteke anna dokumentasjon.

Det nye temaet, elevmedverknad, skal nå skolen drøfte i teama. Fylkesmannen har ikkje konkret kunnskap om korleis skolen vil arbeide vidare med dette tema, men skoleleiinga seier i intervju at elevmedverknad vil vere ein del av skolen si vidareføring av Vurdering for læring. Det kom ikkje fram i intervju i kva grad skolen vil vurdere om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan bidra til å auke måloppnåing hos elevane.

Fylkesmannen kan ikkje finne at skolen systematisk og over tid vurderer om dei tiltak som vert iversatt eller er planlagt iverksatt innafor eit tema, kan bidra til å auke måloppnåinga hos elevane. Skolen må vurdere endringane for skolen som heilskap på systemnivå.

Skolen skal følgje opp endringar som dei kom fram til i den skolebaserte vurderinga.

Skolen svarer i eigenvurderingsskjema at leiinga og dei tilsette drøftar og reflekterer kring ulike problemstillingar og eventuelle tiltak. Dette skjer i team og samråingsmøte og i andre samarbeidseiningar. Dette er ikkje dokumentert utover en plan for teammøte og samråingsplan med dato og ymse tema. (5, 6, 7 og 8).

Skolen sitt arbeid med Vurdering for læring vil, som nemt over, bli ført vidare i ein eigen plan. Dette kom fram i intervju.

Den skriftlege og muntlege dokumentasjonen syner at skolen gjer endringar i samband med konkrete satsingsområder, men desse endringane er eit resultat av skolen sitt løpande arbeid og ikkje ein del av ei planlagt og heilskapeleg skolebasert vurdering.

Skolen skal ha ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering.

Skolen viser i eigenvurderingsskjema til personalmøter og team der ein drøftar og reflekterer kring ulike problemstillingar og eventuelle tiltak (13, 14, 2 og 15). I intervju opplyser skolen at dei har informera foreldra og elevane korleis skolen arbeidar med Vurdering for læring.

I det nye temaet, elevmedverknad, er det ikkje teke stilling til korleis elevane skal delta i analysen, i vurderingar og i tiltak.

Fylkesmannen har ikkje fått dokumentert at skolen har ei medviten forståing av korleis han kan sikre ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering.

Skolen skal gjennomføre den skolebaserte vurderinga jamleg.

Det kjem fram av eigenvurderingsskjema, dokumentasjon og intervju at skolen løpande vurderar elevane (undervegsvurdering), iversett ulike tiltak (t.d. lesekurs og anna tilrettelegging i opplæringa), gjer analyse av ulike undersøkingar (t.d. elevundersøkinga) og iverksett ulike satsingsområder (t.d. Vurdering for læring). Skolen ynskjer å vektleggje utvikling av skolen.

Fylkesmannen har ikkje motteke dokumentasjon som syner at skolen har ein overorda og heilskapeleg plan som kan sikre at skolen vurderar om måla er nådd for heile læreplanverket og for alle elevar. Vi kan ikkje finne at det er medvite kunnskap på skolen om forskrift til opplæringslova § 2-1 sine krav til skolebasert vurdering eller at slik aktivitet vert gjennomført jamleg ved skolen.

3.3 Fylkesmannens konklusjon

Fylkesmannen kan ikkje finne at det er ein felles og medvite kunnskap på skolen om forskrift til opplæringslova § 2-1 sine krav om skolebasert vurdering eller at slik aktivitet vert gjennomført jamleg ved skolen.

Lovkrav om skolebasert vurdering er ikkje oppfylt.

4. Frist for retting av brot på regelverket

Fylkesmannen har i kapittel 3 konstatert brot på regelverket. I denne rapporten får Bygland kommune frist til å rette brot på regelverket, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 01.11.2016. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at brotet på regelverket er retta, og ei utgreiing om korleis brotet er retta.

Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

1. Bygland kommune må syte for at Bygland skole jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

Bygland kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skolen vel tema i den skolebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av elevane si måloppnåing.
- b. Skolen vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til å auke måloppnåinga hos elevane i det valde temaet.
- c. Skolen følgjer opp endringane som dei kom fram til i den skolebaserte vurderinga.
- d. Det er brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering.
- e. Skolen gjennomfører skolebasert vurdering jamleg.

5. Kommunen sin frist til å rette

Som nemnt i kapittel ovanfor, har kommunen fått ein frist for å rette dei brot på regelverket som er konstaterte i denne rapporten.

Frist for tilbakemelding er **01.11.2016**.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

15.04.2016

Inger Marie Skar, tilsynsleiar

Elise Marie Kringen

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

1. Gjennomgang av resultat på elevundersøkinga
2. Referat frå samråding 21.01.2016
3. Skulebasert vurdering – rutine for eigenvurdering
4. Testplan for skulen
5. Plan for team, hausten 2015
6. Plan for team, våren 2015
7. Plan for samråding, hausten 2015
8. Plan for samråding, våren 2016
9. Powerpoint: Relasjonskartlegging
10. Relasjonskartlegging: kriterie/kjenneteikn
11. relasjonskartlegging av elevar
12. Relasjonskartlegging: Handlingsplan
13. Oversikt over møteverksemd ved skulen
14. Referat frå teamleiar møte 01.02.2016
15. Referat frå samråding 08.01.2016
16. Tilstandsrapport for grunnskolen i Bygland 2015
17. Elevundersøkinga 2015
18. Eigenvurderingsskjema frå skoleleiinga og lærarar

Intervju 10.03.2016

- Skoleleiinga
- 6 lærarar